



REFERAT FRÅ STYREMØTE REGIONRÅDET VEST

MANDAG 23./1 – 2012 FJELL RÅDHUS

Til stades:

Ordførar Eli Årdal Berland
Ordførar Siv Høgtun
Ordførar Otto Harkestad
Ordførar og styreleiar Ove Bernt Trellevik

Rådmann Torgeir Sæter
Rådmann Steinar Nesse
Rådmann Gerhard Inge Storebø
Fungerande Rådmann Marit Rinnan

Sekretariat: Per Hillestad (ref)
Informasjonsrådgjevar Vigeik Brekke

Dessutan møtte:

Adm dir Algerøy BRB, sak 1 og 2
Kommunikasjonssjef Tone Hartveit BRB sak 1 og 2
Rådgjevar Totland BRB, sak 1 og 2
Næringsssjef Bård Sandal, sak 1 og 2 og 3
Ordførar Nils Marton Aadland , sak 3
Konsulent Helge Hopen, sak 3

SAK 1/12 PRIORITERINGAR OG SATSINGSOMRÅDE – STRATEGISK NÆRINGSPLAN. RAPPORT OM BEHOV FOR NÆRINGSAREAL.

Adm dir Algerøy presenterte BBR sin ferske rapport om m.a. trong for næringsareal i Bergensregionen. Dei neste 20 åra er det venta ein befolkningsauke på om lag 110 000 innbyggjarar. Det er trong for 10 - 15 tusen dekar næringsareal i Bergensregionen. Det er viktig med forpliktande interkommunalt samarbeid for tilrettelegging for denne utviklinga.

Nærings sjef Bård Sandal gjekk gjennom prioriterte tiltak elles i næringsplanen for Regionrådet Vest sitt vedkomande.

Vedtak
Orienteringane vart tekne til etterretning

SAK 2/12 PRESENTASJON AV FORPROSJEKT SAMBANDET VEST/TVERRSAMBANDET.

Styreleiar Nils Marton Aadland og prosjetansvarleg Helge Hopen gjekk gjennom og orienterte om status på Sambandet Vest som no er synleggjort i eit forprosjekt..

Det vart vist til ulike alternative trafikkutrekningar og effekter på noverande trafikkmønster der dei lokale verknadene vart understreka som mest tydelege, med vesentleg innsparing i reisetid.

Prosjektet vil dessutan ha stor verknad for risiko og sårbare samband i dag.

Søker omtale i Nasjonal Transportplan 2013 for prioritering i neste Transportplan 2017, med byggjestart 2020.

Prosjektet er kostnadsrekna til nærare 2 milliardar kr.

Vedtak.
Saka vart teken til etterretning

SAK 3/12 REFERAT FRÅ FORRIGE MØTE.

Vedtak.
Referatet godkjent.

SAK 4/12 VEDTEKTENE I REGIONRÅDET.

Styret drøfta ulike tilnærmingar/modellar for den økonomiske ordninga i vedtektene for Regionrådet.

Vedtak.
Saka utsett til neste møte.

SAK 5/12 KULTURMINNEVERN – FELLES KONSULENT FOR BYGNINGSVERN

Det vart drøfta oppretting av ein felles stilling som bygningsvernkonsulent.
Det er aktuelt med eit spleiselag der fylkeskommunen dekkjer 50% av kostnadene.
Det er søkt om delfinansiering av skjønsmidlar i tillegg.

Vedtak

Det vert laga felles sak om stillinga for dei fire kommunane.

SAK 6/12 FØREBUING TINGET I VEST 13. FEBRUAR 2012

Styret drøfta ulike gjester til tingseta og ulike tema samt tidspunkt for møtet.

Vedtak

Fylkeskommunen v/fylkesordføraren, evt fylkesrådmannen eller Politimesteren i Hordaland vert førespurd som gjest.

Dato 13. februar vert prioritert.

Vert avsett god tid til politisk drøfting om samarbeid/prosjekt og vegen vidare.

SAK 7/12 STYREREPRESENTASJON

Styret drøfta korleis dei fire kommunane kunne samkjøre styrerepresentasjon i regionen.

Vedtak

Semje om samordning av verv i råd/styre med politiske kontakt i forkant av val.

SAK 8/12 MELDINGAR

Regionrådet har gjeve uttale til Fylkeskommunen om rullering av skulebruksplan og TAF

Melding om status for planane om lokalmedisinsk senter på Straume.

Vedtak

Meldingane vart tekne til etterretning.